

FORELDREINFO JANUAR 2023

FAU/SU/SMU



Fau møte vart gjennomført 18.januar, du finn referatet [her](#).

SU/SMU blir den 23.02. kl 19.00.

Årsmøte FAU 2.mai kl 19.30, sett av dato. Berta Lende Røed kjem for å inspirere foreldregruppa. Ho er tidlegare lærar, og starta [FuelBox](#) i 2013. Gled dykk!

Søknadsfrist SFO

Denne blir 1.mars 2023. Søk via [Visma flyt skule - foreldreportalen](#).

BRUK REFLEKS



For mange elevar viser därleg att i trafikken – minner derfor om refleks på skulevegen!



BARN SOM FØLER
SEG SOM
SUPERHELTER
BLIR SUPERHELTER


Klagefrist på karakterar

Skulen minner om at det er 10 dager klagefrist på standpunkt-karakterer på 9. trinn (mat og helse) og 10. trinn (andre fag). Dette gjeld når elevane får utdelt karakterkort/vitnemål til sommaren.

I klagar må det kome fram kva ein klagar på, relevant informasjon og grunngjeving for klagan.

Klagar skal sendast skriftleg til skulen v/rektor som vil senda denne vidare til Statsforvaltar, saman med grunngjeving og dokumentasjon frå skulen ihht. kap. 5 i *Forskrift til Opplæringslova*. Føresette vil få kopi av det som blir oversendt til Statsforvaltar.

Sjå [denne nettsida](#) for meir informasjon.



Vinteren sitt store høgdepunkt -Skuleballet – vart avvikla den 06.januar.



Komiteen frå 10.trinn hadde pynta og organisert kvelden på ein flott måte, med god mat, isbar, polynese, talar, dans, leiker og juice-bar. Kvelden vart litt amputert for nokon på grunn av sjukdom, men lyden i elevmassen var udelte positiv måndagen etterpå. Tusen takk til dei foreldra som stilte som vakter, og takk til Agnes som styrte kvelden med trygg hand!

Sjølv om me akkurat har starta 2023, held både 10.trinns elevar og skulen elles på å førebu seg til nytt skuleår.

For elevane på 10. trinn har søknadsportalen til vidaregåande skule vore open sidan starten av januar. Fristen for å søka er 1.mars for dei aller fleste. Me ønsker elevane lukke til i val av veg vidare!

I administrasjonen på skulen arbeider me no for å rigga oss for 2023-2024. Me vil snart lysa ut stillingar, både for lærarar og miljørettleiarar. Så skal vi planlegga kontaktlærarar for neste år, overgang for skulestartarar og nye elevar opp på ungdomsskulen.

Eimund Grøsfjell vil starta som kontormedarbeidar på skulen 1.april. Han er i dag lærar på Heskestad skule, og gler seg til å koma til oss. Henriette hjelper med det viktigaste på skulen fram til han er på plass.

Ønsker alle fine vinterdagar fram mot vår!

Mvh

Svanhild Gjedrem

- rektor

